

Barne- og ungdomslitteratur utgitt i Norge 1990 og 1996

Statistikken er utarbeidd av NBIs bibliotek. Den viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk, utgitt i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Den kan omfatte nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.

NBIs statistikk inkluderer òg utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandel, t.d. bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuert gjennom det ordinære bokhandlarnettet.* Dermed skil NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivinga i Norge seg frå Den norske Forleggerforeningens *Bransjestatistikken* som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga. *Norsk bokfortegnelse* oversikt grupperer berre skjønnlitterære utgivingar under barne- og ungdomsbøker, medan ein finn faglitteratur for barn og unge i oversikta over faglitteratur for vaksne. *Norsk bokfortegnelse* inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine.

Materialet for NBIs statistikk er i fyrste rekkje NBIs eiga boksamling som er lagt inn i NBIs database, dernest utskrift frå Nasjonalbibliografien, og ymse forlagskatalogar for dei tilfella der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei innlemma i samlinga pr. 1.12.97.

NBIs database inneheld ca 34 000 postar. Basen er tilgjengeleg i internt nettverk. Søkbare kategoriar er: forfattar, redaktør, (omslags)illustratør, omsetjar; tittel, serietittel og ord i (serie) tittel; originalspråk; forlag og andre utgivarar, utgivingsår;

hylleplassering og Dewey-nummer. Det kan også søkjast på kombinasjonar av kategoriane, t.d. forlag + år. NBIs database er førebels ikkje tilgjengeleg via Internett, men derimot er basen tilgjengeleg gjennom Norsk samkatalog, Universitetsbiblioteket i Oslo. Dette materialet kan søkjast direkte i SAMBOK. Basen kan også søkjast i på CD-ROM-versjonen av Samkatalogen.


* Disse bokklubbane og enkelte av dei religiøse forlaga har ein stor del omsetjingar i sine utgivingar. Av den grunn vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, spesielt frå engelske språkområde, enn andre statistikkar for barnebokutgiving i Norge.

Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjangrar 1990 og 1996


SJANGER/ÅR	1990	1996
Antologiar	6	13
Biletbøker	185	184
Dramatikk	1	3
Eventyr	11	19
Fagbøker	102	208
Lyrikk	3	9
Romanar	311	270
Samisk litteratur	6	11
Songbøker	2	9
Sp.brukargr.**	3	0
Totalt	530	726

** Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk.

Fordeling etter sjangrar 1990



Fordeling etter sjangrar 1996



Norsk og omsett litteratur 1990

SJANGER	NORSK	OMSETT	TOTALT
Antologiar	2	4	6
Biletbøker	37	148	185
Dramatikk	1	0	1
Eventyr	2	9	11
Fagbøker	21	81	102
Lyrikk	3	0	3
Romanar	144	167	311
Songbøker	2	0	2
Sp. brukargr.	3	0	3
Totalt	215	409	624

Norsk og omsett litteratur 1996

SJANGER	NORSK	OMSETT	TOTALT
Antologiar	5	8	13
Biletbøker	52	132	184
Dramatikk	3	0	3
Eventyr	4	15	19
Fagbøker	66	142	208
Lyrikk	8	1	9
Romanar	107	163	270
Songbøker	6	3	9
Sp. brukargr.	0	0	0
Totalt	251	464	715

Omsetjingar fordelt på originalspråk 1990

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Gresk	Islandsk	Italiensk	Japansk	Nederlandsk	Samisk	Svensk	Tysk	Flerspråkleg
Antologiar													4
Biletbøker	14	71	5	7		1		1	1	2	26	20	
Dramatikk													
Eventyr	2	2			2								2 1
Fagbøker	1	63		6			1				4	6	
Lyrikk													
Romanar	6	112	1	1			1		2		24	20	
Songbøker													
Sp. brukargr.													
Totalt	23	248	6	14	2	1	2	1	3	2	54	48	5

Omsetjingar fordelt på originalspråk 1996

	Arabisk	Bosnisk	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Hebraisk	Italiensk	Nederlandsk	Russisk	Samisk	Somali	Spansk	Svensk	Tysk	Flerspråkleg
Antologiar				2										2		4
Biletbøker			6	93		4			1					24	4	
Dramatikk																
Eventyr	1		5	1	1					1		3				3
Fagbøker			5	128											9	
Lyrikk			1													
Romanar			9	112		1	1	1	1	1			1	23	15	
Songbøker														2		1
Sp. brukargr.																
Totalt	1	1	25	336	1	5	1	1	2	1	1	3	1	60	17	8

Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	1996
Generelle skrifter	1	3
Filosofi	2	1
Religion	21	40
Samfunnskunnskap. Samfunnsorientering	7	15
Språk	1	6
Naturvitskap. Økologi	33	31
Praktisk vitenskap. Oppfinninger	13	33
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	37
Litteratur	0	0
Geografi og historie	7	32
Totalt	102	208

Årbokas fyrste norske barnebokstatistikk omfattar 1996. Ved redaksjonens avslutning var materialet for 1997 ikkje fullstendig nok til å utgjere grunnlag for årsstatistikk. Statistikken for 1990 gir perspektiv til 1996-utgivinga.

Tala viser ein auke i totalutgivinga frå 1990 til 1996 på ca 15 %, og vi ser at innan *fagboksjangeren* er auken markant. *Biletbokutgivinga* har totalt vore stabil. *Barne- og ungdomsromanen* viser derimot tilbakegang.

Ser ein på titteltalet på norsk og omsett litteratur, viser det seg at tilbakegangen for romansjangeren særleg gjeld for norske utgivingar (nær 26 %). På den andre sida viser den norske biletbokutgivinga seg å vere noko styrka i perioden, på kostnad av den omsette. Fagbokutgivinga viser klar prosentvis auke av norske utgivingar (214 %), men det er likevel den omsette utgivinga som har auka mest i talet på utgivingar. Trass i låge tal for utgiving av lyrikk og songbøker, kan ein også notere auke for desse sjangrane.

Oversikta over faglitteraturens emneområde viser at auken har gitt særleg utslag på emna Religion, Praktisk vitenskap, Kunst og Geografi/historie. Dette har generelt vore dei store emneområda for fagboka.